

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Øystein Hunvik - Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 14/2474-13

Budsjett 2015 - økonomiplan 2016-2019 - utgreiing av langsiktige innsparingar

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle ber om utgreiingar som syner konsekvensar og mogleg innretning av følgjande langsiktige budsjettreduksjonar innanfor samferdslesektoren:

Område	Utgreiingsramme i mill. kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	-73
Bilruter	-20
Båtruter	-15
Fylkesvegferjer	-10
Ungdomstilbod	-9
Tilrettelagt transport	-3
Sum	-130

2 Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til :

- generell drift
- vinterdrift
- beredskap

med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

3 Hovudutval for samferdsle ber om ei utgreiing som syner potensial for innsparingar ved vinterstenging av vegar og utsett opning/tidlegare stenging av vinterstengde vegar.

4 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor bilrutene:

- Bygderuter/tilførselsruter med få reisande
- Pendlarruter
- Regionale bussruter
- Fylkeskryssande ruter
- Terminalar/venterom
- Takstauke

5 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor båtrutene:

- Lokale båtruter
- Regionale båtruter
- Godsbåten til Gulen, Solund og Askvoll
- Endra materiell på ekspressbåtane til/frå Bergen
- Sognebåten/Spegelvendten
- Terminalar/venterom
- Takstauke

6 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ferjedrifta:

- Endring i frekvens
- Endring i opningstid
- Endring av takstsoner for å auke inntektene
- Terminalar/venterom

7 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor ungdomstilboda:

- Ungdomskort
- Trygt heim for ein 50 lapp
- LTU – lokalt transport tilbod til ungdom

8 Hovudutval for samferdsle ber om at utgreiingane vurderer endringar i følgjande tenester innanfor tilrettelagt transport:

- Serviceskyss
- TT - ordninga

9 Hovudutval for samferdsle legg målekartet i kap. 7 til grunn for samferdslebudsjettet i 2015.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

- HS-sak 29/14 Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-18 Prioritering av oppgåver på samferdslesektoren
- HS-sak 46/14 – Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2019 – Samferdsle

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid.

I saka sitt kap. 3 er det lagt inn ein fellesdel til alle hovudutvala. Der er det orientert om at det er starta opp eit arbeid for å utarbeide eit felles sett med overordna grunnprinsipp for prioriteringane fylkeskommunen må gjere framover.

I denne saka skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt (2019).

Finansutvalet har fastsett ei utgreiingsramme på 130 mill. kr på samferdslesektoren.

Utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å ha grunnlag for å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

Fylkesdirektøren konstaterer at Finansutvalet har lagt opp til ei utgreiingsramme for budsjettreduksjonar på samferdslesektoren som vil vere svært krevjande.

Fylkesdirektøren meiner budsjettreduksjonen i størst mogleg grad bør skje i høve til driftsoppgåvene slik at midlar til vegvedlikehald kan sikrast best mogleg.

Fylkesdirektøren legg opp til følgjande langsiktige utgreiingsrammer i samferdslesektoren:

Område	Utgreiingsramme i mill. kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	-73
Bilruter	-20
Båtruter	-15
Fylkesvegferjer	-10
Ungdomstilbod	-9
Tilrettelagt transport	-3
Sum	-130

Statens vegvesen skal greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

Vi legg førebels til grunn at sak om ny driftsstandard på fylkesvegnettet kan behandlast i fylkestinget i juni 2015.

For kollektivtrafikken vert det i hovudsak bedt om utgreiingar på rutetilbod lokalt og regionalt, frekvens, opningstid, terminalar/venterom, ungdomstilbod og pris.

Fylkesdirektøren legg ikkje opp til endringar i målekartet under samferdslesektoren i budsjett for 2015.

2. Bakgrunn for saka

2.1 Grunnen for at saka er fremja

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
Budsjett 2015	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovudutvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
Budsjett 2016	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
Økonomiplan 2016-19	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan-arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga har hovudutvala fått to oppdrag i no i haust;

- i september skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
Forvaltning	-8	-12

Opplæring	-3	-5
Tannhelse	-3	-3
Plan og næring	-3	-5
Kultur	-3	-5
Samferdsle	-24	-84
Sum utgreiingsrammer	44	114

Det vert her synt til HS-sak 46/14.

- I slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	2017-19
Forvaltning	30
Opplæring	88
Tannhelse	11
Plan og næring	11
Kultur	17
Samferdsle	130
Sum utgreiingsrammer	287

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde vert drøfta i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

2.2 Historikk - tidlegare vedtak

- HS-sak 29/14 Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-18 Prioritering av oppgåver på samferdslesektoren
- HS-sak 46/14 – Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2019 – Samferdsle

3. Felles innleiing til hovudutvalssakene i oktober

3.1 Omstillingsarbeidet 2014-19: Kjørereglar og grunnprinsipp i prioriteringsarbeidet

I lys av Stortinget sine endringar i inntektssystemet fremja fylkesrådmannen overfor finansutvalet 18.06.2014 følgjande kjørereglar for omstillingsarbeidet vi no går inn i:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk
7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostehøvelen
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid
10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Desse kjørereglane, som fekk rimeleg god oppslutning i finansutvalet, er meint å skulle vere retningsgjevande føringar for omstillingsarbeidet vidare. Med omsyn til sjølve prioriteringane som må gjerast framover, vil fylkesrådmannen særleg framheve pkt. 7.

Finansutvalet har bede hovudutvala, som politiske sektorspesialistar, om å tilrå aktuelle utgreiingsområde med tanke på å kunne tilpasse seg gjevne økonomiske rammer. Utgreiingane

skal gjerast slik at ein administrativt og politisk får eit best muleg kunnskapsgrunnlag å vurdere dei samla innsparingane utifrå. Her er det viktig å understreke at område som ikkje særskilt vert utgreidde i denne omgang likevel kan bli vurderte i samband med redusert fylkeskommunal innsats i framtida.

I arbeidet med å definere utgreiingsoppgåver og seinare prioritere konkrete reduksjonstiltak i og på tvers av sektorane vil det vere viktig å ha ei felles oppfatning av kva rolle fylkeskommunen skal ivareta og kva kvalitetar som bør prege tenestene våre. Det vert difor også starta opp eit arbeid for å utarbeide eit felles sett med overordna grunnprinsipp for prioriteringane fylkeskommunen må gjere framover.

Døme på aktuelle grunnprinsipp som det no vert arbeidd vidare med, kan vere følgjande:

1. **Kvalitet i alle vidareførte oppgåver:** Det bør vere høg kvalitet på dei tenestene fylkeskommunen prioriterer å vidareføre. Kvalitet bør vurderast opp mot kvantitet i alle ledd av prioriteringsarbeidet.
2. **Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling:** Vi bør ha ei aktiv haldning til fylkeskommunen si rolle innanfor fagområde der også kommunane har eit definert ansvar. Vi bør vurdere eigen ressursbruk opp mot faktisk fylkeskommunalt oppgåveansvar.
3. **Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar:** Regional planstrategi tilseier at fylkeskommunen skal prioritere styrkinga av bu- og arbeidsmarknadsregionar med avgrensa interne reiseavstandar og felles arbeidsmarknader. Dette bør liggje til grunn for prioriteringane vi gjer i omstillingsarbeidet.
4. **Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen:** Vi bør prioritere auka fokus på arenabygging og tilrettelegging, og mindre på direkte finansieringsbidrag. Leiarrolla i den regionale partnerskapen bør i større grad styrke samordninga og ein felles verkemiddelbruk i og for fylket.
5. **Langsiktige avgjerder:** Trendar og faktisk samfunnsutvikling bør i noko større grad vektleggjast. Vedtaka våre skal stå seg over tid, og dimensjonering og innretning av tenestene må tilpassast framtidige, langsiktige behov.
6. **Alternative finansieringskjelder:** Vi bør sjå etter område der vi gjennom samarbeid og partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt kan generere eit breiare finansieringsgrunnlag.

Det vil vere trong for ein grundig prosess både administrativt og politisk for å meisle ut overordna grunnprinsipp for prioriteringane fylkeskommunen må gjere framover. Vi vil kome attende til dette.

Administrasjonen ønskjer elles å peike på at prioritert kapasitet og kompetanse innanfor forvaltninga bør sjåast i lys av dei oppgåver og tenestetilbod som vert prioriterte på sektornivå. Administrasjonen startar no likevel eit arbeid for å vurdere potensialet for synergjar og effektivisering i forvaltninga. For å oppnå effektivitet og kvalitet må alle funksjonar vere organiserte slik at vi unngår unødig ressursbruk.

3.2 Målekartet for 2015: Vidareføring med mindre justeringar

Tydelege tilbakemeldingar på jobben vi gjer og resultata vi oppnår er ein føresetnad for at vi skal kunne tilpasse oss samfunnsendringar og prestere i forhold til måla våre. Krava frå politiske styresmakter, samarbeidspartar og brukarar er store. Samstundes er ressursane avgrensa. Målekartet er eit verktøy for konkretisering av politisk fastsette mål og resultatmåling. Målekartet var igjennom ei betydeleg forenkling i 2013, og skal no rullerast i samband med budsjettfastlegginga for 2015.

Ein gjennomgang viser at dei fleste sektorane i hovudsak ønskjer å vidareføre målekartet slik dette ligg i 2014. Dette skuldast fleire forhold: For det første vert det gjennomført ei medarbeidarundersøking annakvart år basert på fokusområdet «Medarbeidar og organisasjon» i målekartet. Undersøkinga vert gjennomført mot slutten av 2014. For det andre førebur fylkesrådmannen også ei større undersøking retta mot samarbeidspartar og brukarar. Undersøkinga tek utgangspunkt i gjeldande målekart innan fokusområda «Tenesteytar» og «Regional utviklingsaktør». Sektorane ønskjer ikkje å gjere større endringar innanfor fokusområda før ein kjenner måloppnåinga i høve gjeldande måleindikatorar.

Fylkestinget skal i desember 2014 handsame verdigrunnlaget for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Nemnde målekart bør byggast opp på bakgrunn av organisasjonen sitt oppdaterte verdigrunnlag. Også dette tilseier at vi ikkje gjer større endingar i målekarta i år.

4. Framlegg til langsiktige utgreiingsrammer – 2019

I denne saka er det føringar for dei langsiktige utgreiingsrammene (2019) hovudutvalet skal vurdere. Sjølve utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å ha grunnlag for å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

Fylkesdirektøren konstaterer at Finansutvalet har lagt opp til ei utgreiingsramme for budsjettreduksjonar på samferdslesektoren som vil vere svært krevjande.

Fylkesdirektøren meiner budsjettreduksjonen i størst mogleg grad bør skje i høve til driftsoppgåvene slik at midlar til vegvedlikehald kan sikrast best mogleg. Dette vil krevje at vi må greie ut konsekvensar og innretning av krevjande innsparingar på kollektivområdet, ferjedrift og driftsstandard på fylkesvegnettet og FTU.

Vi bør også greie ut konsekvensar av kutt på oppgåver som ungdomstilbod og tilrettelagt transport.

Fylkesdirektøren legg opp til følgjande langsiktige utgreiingsrammer:

Område	Utgreiingsramme i mill. kr
Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	-73
Bilruter	-20
Båtruter	-15
Fylkesvegferjer	-10
Ungdomstilbod*	-9
Tilrettelagt transport	-3
Sum	-130

*) Omhandlar løyvingar under både bil- og båtruter (8+1).

5. Nærmare om utgreiingane

5.1 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

Driftskontraktar

Med drift av vegnettet meiner vi oppgåver og rutinar som er naudsynte for å halde vegen open og farbar. Dette kan vera tiltak som til dømes brøyting, strøing, reinhald, drift av rasteplassar osv.

I 2014 er det sett av om lag 200 mill. kr (brutto) til drift av fylkesvegnettet.

Før utlysing av nye kontraktar legg vi fram ei sak til Hovudutval for Samferdsle der vi gjer greie for kva standard som ligg til grunn for utlysinga. Det er tidlegare vedteke at vi skal nytte same standard for vinterdrift som for tilsvarande riksvegar, og at vi skal nytte felles kontraktsmal med riksvegane.

Frå 2013 fekk vi ny handbok 111 (no: R610 Standard for drift og vedlikehold av riksveger) som blei implementert i kontraktane. Her er vegnettet delt inn i vinterdriftsklassar. Sist vinter blei så mild at vi fekk ikkje prøvd ut den nye driftsstandarden.

På fylkesvegnettet har vi følgjande driftskontraktar i dag:

Namn	Frå	Til	Merknad
Nordhordland	1. september 2013	31. august 2018	
Indre Sogn	1. september 2014	31. august 2019	
Midtre Sogn	1. september 2011	31. august 2016	
Nordfjord	1. september 2010	31. august 2018	Har nytta 3 års opsjon

Ytre Sunnfjord	1. september 2013	31. august 2018	
Indre Sunnfjord	1. september 2009	31. august 2015	Har nytta 1 års opsjon
Hafs	1. september 2012	31. august 2017	

Ny driftskontrakt for Indre Sunnfjord skal lysast ut hausten 2014 og gjelde for perioden 1. september 2015 – 31. august 2020. Driftsstandard for fylkesvegane i kontrakten har vore handsama i HS-sak 21/13. Når kontrakten er inngått, vil det avgrense høve til reduksjon i standard og omfang. Det vil vere uråd å utsette eller gjere større endringar i denne driftskontrakten no. Då vil vi risikere å stå utan driftsentrepreneur etter 1. september 2015.

Statens vegvesen er byrja å førebu arbeid med utlysing av ny driftskontrakt for Midtre Sogn for perioden 1. september 2016 – 31. august 2021.

Aktuelle innsparingsområde i høve til driftsstandard:

Statens vegvesen har førebels vurdert at følgjande område/oppgåver kan vere aktuelle i høve til å redusere driftskostnadane på fylkesvegnettet:

Generell drift

- Skogrydding
- Raste-/stoppeplassar og toalett
- Drift av grøntareal
- Venterom inkludert toalett - stenge
- Vask og feiing av vegar og gang- og sykkelvegar
- Tunnelvask
- Skiltfornyng
- Kvitmaling av tunnelar

Standard for vinterdrift

- redusere med mindre strøing, salting,
- seinare brøyting og redusert beredskap utanom arbeidstid.
- seinare rydding av ras, t.d. ikkje rydding utanom arbeidstid.

Beredskap

- Ved hendingar på veg (ras, flaum etc.) om natta eller i helgar kan det til dømes vera aktuelt å halde vegen stengd, og berre gjere naudsynte vurderingar og tiltak innan normal arbeidstid. Dette vil særleg vera aktuelt på strekningar med lite trafikk.

For å redusere kostnadane til drift av fylkesvegnettet kan vi ikkje lenger nytte same standardkrava som i dag. Fylkesdirektøren legg opp til å greie ut framlegg til ein revidert driftsstandard på fylkesvegnettet som skal nyttast i samband med fornyng av driftskontraktane.

Etter råd frå Statens vegvesen vil vi ikkje leggje arbeid i å reforhandle standarden i eksisterande drifts- og vedlikehaldskontraktar, men å fase innsparingane inn i nye kontraktar. Reforhandling av standarden i eksisterande kontraktar vil vere tidkrevjande og potensialet for innsparing i løpande kontraktar er svært begrensa.

I eksisterande kontraktar kan det heller vere aktuelt å redusere på omfanget av tilleggskjøp innanfor kontraktane.

Som eit utgangspunkt vil vi be Statens vegvesen greie ut forslag til ny driftsstandard for fylkesvegnettet i høve til:

- a. generell drift
- b. vinterdrift
- c. beredskap

med ei innsparing på om lag 40 mill. kr årleg i høve til dagens standard når ny standard er etablert for heile fylket.

I tråd med føringane i Regional transportplan skal funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet leggast til grunn for fastsetting og prioritering av driftsstandard for dei ulike strekningane.

Vi legg førebels til grunn at sak om ny driftsstandard på fylkesvegnettet kan behandlast i fylkestinget i juni 2015.

Vinterstenging

Fylkesdirektøren meiner potensial for innsparingar i høve til vinterstenging bør greiast ut. Dette vil både gjelde vinterstenging av nye strekningar/vegar men og utsett opning/tidlegare stenging av allereie vinterstengde vegar.

Resultatet av denne utgreiinga vil vere grunnlag for å vurdere eit eventuelt vidare arbeid med konsekvensutgreiing. Fylkesdirektøren vil leggje til rette for at utvalet kan drøfte eit eventuelt vidare arbeid med konsekvensutgreiingar ved eit seinare høve.

Vedlikehald av fylkesvegnettet

Med vedlikehald meiner vi utbetring av vegen til opphavleg standard, og som tek vare på den fysiske infrastrukturen i eit lenger perspektiv. Døme på slike tiltak er dekkelegging, skifte av stikkrenner, skifte utslitte delar i elektriske anlegg, skifte rekkverk, grøfting osv.

Fylkesdirektøren leggje opp til at vegvedlikehaldet i størst mogleg grad vert skjerma for budsjettreduksjonar. Reduksjon i vedlikehaldet vil føre til auka kostnader ved å ta att forfall seinare. Reduksjon i driftsløyvingane vil normalt ikkje ha slike konsekvensar.

Statens vegvesen har sett i gang arbeidet med ein plan for tunnelrehabilitering, jf. Regional transportplan. Dette arbeidet skal vere klart i løpet av 2015. I framlegg til statsbudsjettet for 2015 er det m.a. lagt opp til ein auke i løyvingane med 64,8 mill. kr årleg i 5 år knytt til kompensasjon for innføring av forskrift om tunneltryggleik.

Det må framover gjerast ei vurdering av kva innføring av tunneltryggleiksforskrifta krev av løyvingar fram mot 2019 og kva dette vil ha å seie for rammer til det øvrige vedlikehaldet.

Fylkesdirektøren ser at det kan bli vanskeleg å skjerme vegvedlikehaldet for reduksjonar. Det er stor uvisse knytt til kva rammer vi vil få til vegvedlikehald framover.

Fylkesdirektøren vil derfor førebels ikkje prioritere ressursar på utgreiingar om vegvedlikehaldet utover det arbeidet som er i gang i høve til plan for tunnelrehabilitering.

I tråd med føringane i Regional transportplan skal funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet leggjast til grunn for prioritering vedlikehaldstiltak og investeringar.

Fylkesdirektøren vil understreke at innanfor ei gitt økonomisk ramme til sektoren så vil løyvinga til vegvedlikehald vere salderingsposten. I den grad det ikkje er mogleg eller ønskjeleg å redusere på drift og andre tilbod i samferdslesektoren vil dette resultere i lågare løyvingar til vegvedlikehald.

FTU

Fylkesdirektøren vil sjå på konsekvensane av ein mogleg reduksjon i FTU-midlane. Løyvinga er i dag på 6,2 mill. kr. Om lag 5 mill. kr av dette er løyvd til trafikktryggingstiltak i kommunane.

Trafikktryggleik

Statens vegvesen må også gi ei vurdering av kva konsekvensar redusert løyving til drift vedlikehald vil ha for trafikktryggingssituasjonen i fylket.

5.2 Kollektivtrafikk

Innanfor kollektivområdet er det meste av midlane bunde opp i skuleskyss. Det er likevel mogleg å justere ned tenestekjøpet noko.

Inntekter er med å dekke deler av produksjonskostnaden. Vidare er godt samarbeid med kommunar, kommersielle ruter og andre fylkeskommunar avgjerande for å halde ein rasjonell kostnadsstruktur. Det er difor viktig at alle endringar er langsiktige og gjennomtenkte.

I Regional transportplan er det sagt følgjande :

Ved reduksjon av ramma til kollektiv må følgjande tiltak vurderast:

- Legge ned ein av snøggåttane (Sognebåten og/eller Spegelvendten)
- Redusert lokalbåttilbod
- Redusere tal avgangar på godsått Bergen – Gulen – Solund og Askvoll
- Redusere/fjerne deler av lokale og regionale bussruter

- Redusere/fjerne deler av fylkeskryssande bussruter
- Redusere/fjerne deler av ungdomstilbod
- Redusere/fjerne deler av Serviceskyss og Tilrettelagt transport
- Redusere/gjerne terminalar/venterom

Administrasjon vil greie ut forslag til innsparingar tilsvarande oppsettet i tabellen om framlegg til utgreiingsrammer i punkt 4 ovanfor. Ei slik utgreiing må syne produksjonen i dei ulike segmenta med informasjon om bruk, alternativ, kostnad m.m.

Ei utgreiing vil skje med utgangspunkt i HS sine prioriteringar i HS sak 29/14 Budsjett 2015/Økonomiplan 2015 – 18 – Prioritering av oppgåver på samferdslektoren.

Bilruter

Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøper årleg om lag 10,8 millionar kilometer med buss.

Om lag 5 200 elevar i grunnskulen og 1 900 vidaregåande elevar reiser dagleg med våre ruter. I tillegg til skuleelevane løyser våre busspassasjerar billetter for over 60 mill. kroner kvart år.

Det fylkeskommunale rutetilbodet med buss har mange funksjonar. Skuleruter, arbeidsruter, lokalruter, regionale og fylkeskryssande ruter. Rutene tener ofte fleire funksjonar på ein gong og dei ulike rutene vert gjerne utført med dei same vognene og sjåførane. Den lovpålagde skuleskyssen utgjer grunnstammen i rutesystema og er dimensjonerande for ressursinnsatsen i form av vogner, tal tilsette og kostnader.

I tillegg har vi ein annan grunnstammeproduksjon som er dei fylkeskryssande ekspressbussane. Det fylkeskommunale rutetilbodet samordnar ulike rutefunksjonar i dei same rutene. Ruteløpa er organisert slik at vogner og mannskap vert nytta best mogleg i eit heilskapleg rutesystem.

Endring i følgjande tenester må konsekvensutgreiast:

- Bygderuter/tilførselsruter med få reisande
- Pendlarruter
- Regionale bussruter
- Fylkeskryssande ruter
- Terminalar/venterom
- Takstauke

Båtruter

Fylkeskommunen organiserer båtruter dei fleste stadar der sjøvegen er den mest hensiktsmessige reisemåten.

Skulerutene utgjer grunnstammen i lokalruteproduksjonen. Fylkestinget har definert eit minimumstilbod på stadar utan vegforbindelse. Kommunane kjøper fleire stadar ekstraruter for sine innbyggjarar.

Det går 4 ekspressbåtar til og frå Bergen. Desse har lokalrutefunksjon innanfor fylket, og knyter fylket saman med Bergen. Desse rutene har minimalt med skuleskyss.

Mellom Bergen og oppover kysten til Askvoll er det eigen godsbåt som går 3 dagar i veka. I midtre Sogn og i Florabassenget går der kombikatamaranar som tek både passasjerar, bilar og gods. I Måløy er det ein eittskrogs kombibåt som tek både gods og passasjerar. Denne er ikkje bilførande.

Endring i følgjande tenester må konsekvensutgreiast:

- Lokale båtruter
- Regionale båtruter
- Gods båten til Gulen, Solund og Askvoll
- Endra materiell på ekspressbåtane til/frå Bergen
- Sognebåten/Spegelvendten

- Terminalar/venterom
- Takstauke

Fylkesvegferjer

Sogn og Fjordane har 6 fylkesvegferjesamband frå 2014. I høve til Yrkestransportlova og Lov om offentlige anskaffelser har ferjesambanda vore ute på anbod. Drift av alle ferjesambanda er under kontrakt pr. i dag. Tabellen under viser kva ferjesambanda fylke har, med status og standard for sambanda pr. 2014.

Samband	Kontraktperiode	Tal ferjer	Opningstid *)			Frekvens
			Kvardag	Laurdag	Søndag	
Isane – Stårheim	1.1.2009 – 31.12.2016	1	6:00 – 22:35	6:50 – 22:35	7:30 – 22:35	20
Måløy – Husevåg - Oldeide	1.1.2009 – 31.12.2016	1	5:45 – 21:40	6:55 – 21:40	8:40 – 21:40	13
Askvoll – Gjørvik/Fure/Værlandet	1.1.2010 – 31.12.2014					
- Askvoll – Gjørvik - Fure		1	6:00 – 22:15	6:45 – 22:15	6:45 – 22:15	18 1)
- Askvoll – Fure - Værlandet		1	6:30 – 19:15 2)	7:00 – 17:00	8:00 – 22:05	5/6 1)
Rysjedalsvika – Rutledal – Losna - Krakheila	1.1.2010 – 31.12.2017	1	5:30 – 22:15	5:30 – 20:00	8:00 – 22:15	9
Haldorsneset - Daløy	1.1.2010 – 31.12.2017	1	6:50 – 20:40 3)	7:00 – 20:40	10:35 – 22:50	16
Mjånes – Hesarøy**)	1.9.2013 – 30.4.2023	1	6:15 – 19:35 4)	7:40 – 16:10	7:40 – 19:25	9

*) Opningstid = tidspunkt frå 1. tilslutsavgang. For et opningstid skal vere på 24 timar må det tilgjevere minst 2,5 time mellom avgangar.

**) Galen kommune er med å betale for dette rutetilbodet.

1) Turar Askvoll - Fure t/rar Mjånes medrutene

2) kl. 21:30 onsdag og fredag

3) kl. 21:50 tyndag og kl. 22:50 fredag

4) kl. 20:25 fredag

Endring i følgjande tenester må konsekvensutgreiast:

- Frekvens
- Opningstid
- Takstsoner for å auke inntektene
- Terminalar/venterom

Ungdomstilbod

Ungdom mellom 16 og 19 år får kjøpe ungdomskort som gjev dei rett til uavgrensa bruk av kollektivtrafikk for 370 kroner pr. måned.

Lokalt transporttilbod til ungdom (LTU) er tilbod om fleksible skyssløysingar for ungdommar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag - og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år.

Trygt heim for ein 50- lapp gir ungdommar mellom 16 og 24 år tilbod om rimeleg skyss heim frå ulike tettstader i fylket kvar natt til søndag.

Endring i følgjande tenester må konsekvensutgreiast:

- Ungdomskort
- Trygt heim for ein 50 lapp
- LTU – lokalt transport tilbod til ungdom

Tilrettelagt transport

Tilbodet om tilrettelagt transport i fylket er:

- Serviceskyss
- TT - ordninga

Sogn og Fjordane fylkeskommune brukar årleg om lag 3,5 mill.kr på serviceskyss.

Serviceskyssen er eit samarbeid med kommunane der brukarane blir henta heime og køyrd til eit sentrum der det er sosialale aktivitetar og høve til å handle, gå i banken og liknande.

Gjennom TT-ordninga løyver fylkeskommunen om lag 6 mill. kr til kommunane i fylket. Kommunane fordeler midlane ut på brukarar etter behov, slik at dei kan nytte drosje til lokale transportbehov mot ein liten eigenandel.

Endring i følgjande tenester må konsekvensutgreiast:

- Serviceskyss
- TT-ordninga

6. Tidsplan og involvering

Fylkesdirektøren legg som eit utgangspunkt opp til at det vert orientert om arbeidet med utgreiingane på kvart møte i hovudutvalet etter nyttår. Arbeidet med utgreiingane vil bli starta opp når Finansutvalet har behandla arbeidsdokument 6/14 den 5. november.

7. Målekart

Fylkesdirektøren syner til omtalen i kap. 3. Fylkesdirektøren legg ikkje opp til å endre målekartet for budsjett 2015 og vidarefører følgjande målekart frå 2014:

FOKUSOMRÅDE		SUKSESSFaktor	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSnivÅ		
<u>TENESTEYTING</u>						
<i>Samferdsle</i>	T7	Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1	Tal reisande med buss, båt (ekskl. skuleskyss).	T7.1-1	Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.
					T7.1-2	Fleire enn 560 000 reisande med båt.
	T8	Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1	Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1	Mindre enn 19 mm.
	T9	Kollektivtrafikk-tilbodet vert opplevd som godt.	T9.1	Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1	Positiv utvikling over tid.
<u>REGIONAL UTVIKLING</u>						
<i>Samferdsle</i>	R12	Forfallet på tunnelar blir redusert.	R12.1	Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året.	R12.1-1	Ingen stengde.
					R12.1-2	
	R13	Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R13.1	Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jf. registrerte data.	R13.1-1	Positiv utvikling over tid.

8. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutvalet legg framlegg til utgreiingsrammer og føringar i saka til grunn for det vidare arbeidet med å vurdere langsiktige budsjettreduksjonar på 130 mill. kr innanfor samferdslesektoren.